



Sigurd Børve og Erlend Moen ga både borna og foreldrane deira noko å tenkja på i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Ingen som opererer på nettet eller brukar mobiltelefon er anonyme. Alt kan sporast etterpå. FAU-leiar og tidlegare ansatt i Kvinnherad Breiband Erlend Moen og straffesaksansvarleg Sigurd Børve ved Kvinnherad Lensmannskontor gjorde det klart under eit viktig møte i Aktivitetshuset torsdag kveld.

Elevane og foreldra var invitert for å få gode råd om nett- og mobilbruken og at det møtte fram 200 understreka at dette er eit svært aktuelt tema. Det er første gong at det blir orientert om det på møte i Uskedalen, men på ungdomsskulesteget har det vore drøfta fleire gonger. Utgangspunktet i Uskedalen var at det vart teke opp på eit foreldremøte for sjuandeklassa.

Børve kunne opplyse at lensmannskontoret har registrert ein betydeleg auke i talet på saker som gjeld mobbing og sjikane på nett eller i mobiltelefonar.

- Mange trur at ingen oppdagar det, men dei skal veta at ingen er usynlege som brukar nett eller mobil. Mobbing på denne "moderne" måten er ikkje minst alvorleg, det kan utvikla seg til å bli eit stort problem i eit skulemiljø og i alvorlege tilfeller må politiet inn i biletet.

Dei som er under 15 år kan ikkje straffast, men politiet kan inndra telefonar og pc-ar og i verste fall stengja telefonliner. Mobbing kan også utarta til truslar om vold og liknande og då kjem politiet eller eventuelt barnevernet inn i biletet.

Børve kom også inn på faren for at kontakt på nettet mellom eldre og barn kan utvikla seg til straffbare handlingar. Det har her vore fleire konkrete saker også i Kvinnherad.

Med omsyn til at det har vorte populært å leggja ut personlege opplysningar stilte Børve dette spørsmålet: - Hadde foreldra som sit her akseptert at borna deira sette opp 100.000 plakatlar landet rundt med slike opplysningar og oppmodingar om å skriva til dei?

Erlend Moen streka under at det er lett å finne tilbake til nokon som har gjort noko gale på nettet eller via mobiltelefon. Alle nummer blir lagra hos operatørane. Han peika også på at det er mogeleg å aktivera logging av

MSN-samtalar og på den måten dokumentera mobbing eller andre overtramp. På nettet er det mogeleg å bruka ein viss form for filtrering, men det er sjølvstakt ikkje nokon mal for kva som bør sensurerast bort.

- Aller viktigst er det å innprenta dei unge gode haldningar og ikkje la det negative øydeleggja for det positive ved dei nye elektroniske apparata, understreka Moen.

Av Ola Matti Mathisen



Frammøtet til møtet om mobil og nett var imponerende. (Foto: Ola Matti Mathisen)